



Endring av takst- og rabattsystem for Askøypakken

Gjennom handsaming av Prop. 1 S Tillegg 2 / Innst. 13 S (2015-2016) har Stortinget slutta seg til regjeringa sitt forslag om å innføre eit nytt standardisert takst- og rabattsystem for bompengeprojekt. Lokalpolitiske styresmakter har gitt sin tilslutning til innføring av nytt takst- og rabattsystem for Askøypakken. Målet med omlegginga til nytt system er å effektivisere og å gjera bompengeinnkrevjinga enklare.

Innføring av nytt takst- og rabattsystem medfører følgende endringar frå 01.03.18:

- Køyretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig avtale får automatisk 20 pst. rabatt. Køyretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt.
- Forskotsavtalar vert ikkje lengre tilbydd. Noverande tilleggsavtalar hos Askøy bompengeselskap for å oppnå lokal rabatt på 20% rabatt vert avvikla.

Sluttavrekning og eventuelt inneståande beløp på avtalar vert tilbakeført seinast tre månadar etter endring.

AutoPASS-avtala med det selskap brikka er levert frå, hovudavtala, vert ikkje endra. Alle passeringar i Askøypakken, med brikke, vil frå 1. mars verte trekt frå hovudavtala.

- Timesregel og passeringstak på 30 passeringar pr. måned for alle køyretøy med gyldig brikke og avtale vidareførast.

Nye takstar som gjeld frå 01.03.2018:

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Askøypakken	Fullpris	Fullpris
Alle bomstasjonar	Kr 28,00	Kr 46,00

Tabell 1: Ordinære bompengetakstar for Askøypakken etter omlegginga til nytt takst- og rabattsystem.

Takstgruppe 1: Køyretøy med tilleten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tilleten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Det gis fritak ifølgje gjeldande takstretningslinjer.

- Passasjerar i alle type køyretøy
- Gåande og syklande
- Motorsyklar og mopedar
- Køyretøy i merket gravfølge
- Køyretøy som nyttast til arbeid på bomvegen*
- Køyretøy med elektrisk motor, og som har drivstoffkode 5 i vognkortet*
- Hydrogenbilar med HY-registreringsskilt*
- Kollektivtransport i konsesjonert rute*
- Uniformerte utrykkingskøyretøy, samt sivile utrykkingskøyretøy i tenesteoppdrag*
- Forflyttingshemma med gyldig parkeringsløyve frå kommunen*

Fritaksordningar merka med * føreset elektronisk brikke og gyldig avtale. For meir informasjon: www.ferde.no

Takstendringa kan påklagast til Samferdsledepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage sendast Vegdirektoratet.